

Kjempekjekk julefest på skulen.

21.12.2016



Heile skulen syn Jul i Svingen.

I desse dagar er det mange fine festar før juleferien startar. I går var det ein flott julefest på Uskedal skule, og vi har fått ein kjekk reportasje og mange fine bilde frå rektor. Uskedalen.no ønskjer alle elevar og lærarar ei riktig godt jul og eit godt nyttår. Vi takkar for godt samarbeid, og for at de blir flinkare og flinkare å senda oss kjekke saker.



Juletregang høyrer med.

I gårkveld, tysdag 20. desember, hadde elevane ved Uskedalen skule ei flott juleavslutning. Klassane song, dansa og rappa. Sander Øye Eikenes og Karten Huse Bjørnebøle i 7. kl spela gitar, og Celine Musand og Emma Myklebust Ripel i same klasse spela «Det lyser i stille grender» på kornett. 4. klasse sjarmerte alle med å vera smurfar og Elena Oline Jensen Eide song solo til smurfesongen. Dei yndigaste var 1. klasse som kom inn i ein mørklagt sal som små Luciaer med tende lys og skjønn song. Programmet vart avslutta med heile skulen som song «Jul i svingen».

Etter programmet var det mat og kaffi på klasseromma, og der dukka det opp mange små nissar som delte ut sjokolade til borna. Tradisjonen tru vart festen avslutta med juletregang.

Tusen takk til FAU som var til stor hjelp med å lage til og ein spesiell takk til FAU-leiar Anne Sofie Feet som ordna det flotte juletreet til oss!

Helsing Uskedalen skule v/ Lilli Britt Urheim



Ei stjerne skinner i natt.



Elena og gamlesmurfane.



Celine og Emma spiller Det lyser i stille grender.



Sander og Karsten spela gitar.



Sjølvlaga julerap av 5.klasse

Tekst og foto: Lilli Britt Urheim
Nett: Thor Inge Døssland